

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Referat frå studenttingsmøte 31.01.18

Tid 31.01.18 kl 17.00-20.10

Stad Kaarstad 202

Til stades med stemmerett: **AHL:** Lillian Gåsemyr (H) Sara Bergland (H),
AKF: Sigmund Bratlie, til midt i sak 36 (H), Lise Musum Stangvik (V)
AMF: Marion Kristine Gustavsen (H), Bernt Inge Berge, tom. sak 35 (H), Tormod Malvin Sæther fom. sak 36 (V)
ASH: Alexander Økland (H), Andrea Fremmerlid (H)
FR: Allan Levi Melby (H), Ane Buner (H), Bettina Indgjerd (V)

Til stades utan stemmerett: **AU:** Håvard Bjørnerem (leiar), Simen Langeland (informasjon) tom. sak 33, Guro Kvist (velferd), Oda Næs Skoglund (fagansvarleg).
Fast møtande: Marit Aklestad (referent), Serghei Levcenco (kontrollkomite) fom. sak 35.
Andre: Tormod Malvin Sæter (V), Tormod Smedsvig (SiVolda)

Forfall Tonje Nordrum (ordstyrar), Natalie Beitveit (FR), Trym Nikolas Rimmen (AKF).

Saksliste	Type sak
Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
Sak 29 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
Sak 30 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
Sak 31 – Orienteringar	Orienteringssak
Sak 32 – Vurdering av å auke SAIH-tiarane	Vedtakssak
Sak 33 – Grunngeving av eksamen	Vedtakssak
Sak 34 – Årsmelding for 2017	Vedtakssak
Sak 35 – Godkjenning av rekneskapet for STiV 2017	Vedtakssak
Sak 36 – Budsjett 2018	Vedtakssak
Sak 37 – Revidering av vedtektene til STiV	Vedtakssak
Sak 38 – Revidering av valreglementet til STiV	Vedtakssak
Sak 39 – Eventuellsak: #Metoo	Diskusjonssak

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 00 – 17/18 Opprop og val av møteleing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

11 røysteføre. Studenttinget er vedtaksdyktige.

Val av møteleing

AU innstilte på Guro Kvist som ordstyrar.

Vedtak:

Guro Kvist vart vald til ordstyrar.

Sak 29 – 17/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader til innkallinga.

Merknader til sakslista: det vart meldt inn ei eventuelt sak - #Metoo

Vedtak:

Studenttinget godkjenner innkallinga

Studenttinget godkjenner sakslista, med ovanstående merknad.

Sak 30 – 17/18 Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 29. november 2017

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 31 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Arbeidsutvalet v/leiar Håvard Bjørnerem orienterte om fylgjande saker, og det var høve til å stille spørsmål:

1. Ledig verv som 2. vara på ASH.
2. Tilbakemelding frå leiinga på STiV sine innspel til investeringsbudsjettet 2018 (sjå referat under)
3. Bærekraftkonferanse i Bergen – ingen deltek, kolliderer med studentkonferansen.
4. Studentkonferansen i Bergen, arr. av studentrådet i UH-Nett Vest, 8. februar. Påmeldingsfristen var 26. januar. Frå STiV reiser Simen Langeland, Andrea Fremmerlid, Rebecca Heideberg og Vilde Berge Felde.
5. Allmøte/verkstad om ny avdelingsstruktur **onsdag 28. februar kl 09-12** på Store BK
6. Studentrepresentant i arbeidsgruppe for Miljøfyrtårn – Lillian Gåsemyr og Simen Langeland stiller.
7. Vintersamling SAIH i Oslo 23.-25. februar – invitasjon sendt på e-post. Andrea Fremmerlid vil delta.
8. Dato for **landsmøte i NSO 2018 er 20.-22. april** i Tønsberg
9. Dato for **formøte til landsmøte i NSO 2018 er 7.-8. april** i Trondheim. STiV vel delegatar til landsmøtet på neste studenttingsmøte, 28. februar. Vi kan sende 3 delegatar og 1-2 observatørar.
10. NSO nyhendebrev blir pulisert i fb-gruppa.
11. **Psykisk helsedag 15. mars.**

Tilbakemelding på innspel til investeringsbudsjettet frå STiV

1.) Psykisk helse

Kampanjer går ikkje av investeringsbudsjettet, men HVO har i løpet av dei tre siste åra dobla støtta til SiVolda sitt arbeid knytt til psykologisk rådgjevingsteneste. Frustrasjonsrom – har ikkje rom å ta av, for få grupperom.

2.) Transport

Ulik praksis på ulike studium når det gjeld å dekkje transportutgifter til praksis, men så godt som alle har refusjonsordningar. Studiedirektør vil setje ned ei gruppe frå kvar avdeling for å sjå på behov for

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



justeringar/forbetringar, og sikre god info til studentane om dei ordningane som finst. Gratisprinsippet er viktig. Vil få sak tilbake til leiingsmøtet.

3.) Døgnoppe bibliotek/lesesal

Biblioteket har kartlagt bruken av romma i eksamensperioden, og arbeider no med ulike utvidingsløyisingar som skal kunne tre i kraft frå hausten 2018. Er gjort ei lita utviding av opningstida torsdagar. Ordninga med opne klasserom i eksamensperioden blir vidareført til våren.

4.) Programvare og digitale verktøy

Per i dag har ikkje Høgskulen moglegheit til å prioritere programvare til studentar sine private PC-ar, utover basispakken. Student-PC-ar ved HVO skal ha dei programvarene studentane treng. Men HVO har fått prosjektmidlar til DigiGLU, som skal heve den digitale kompetansen i lærarutdanninga. Kjøper inn Ipad, appar osv. til bruk i skuleverket, og planlegg eit testrom for å vise fram «framtidens undervisningsrom».

5.) Mat- og drikkestasjonar og returordning

Det er sett av midlar til returordning ifm. Miljøfyrtårn-sertifisering av HVO. 3-4 gamle drikkestasjonar på Kaarstad/Strøm blir bytta ut, i tillegg til å investere i 5-6 nye. På Kaarstad kjem det ein i kvar etasje. Avd. for Drift ser på alternative leverandørar av matstasjonar med meir næringsfull mat. Vurderer eit mini-kjøkken (micro, vasskokar), men utfordringar knytt til brannfare.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 32 – 17/18 Vurdering av å auke SAIH-tiarane

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale

SAIH har kontakta STiV der dei ynskjer at SAIH-tiarane skal aukast frå 20 til 40 kr. Paloma orienterte om saka, før ho vart drøfta av Studenttinget.

Ikkje alle i Studenttinget var klar over at ein kan velje sjølv om ein vil støtte SAIH eller ikkje når ein betalar semesteravgifta. Det bør kome tydelegare fram, slik at studentane blir meir bevisste dette.

AU la fram saka for Studenttinget utan forslag til vedtak.

Bernt Inge Berge fremja fylgjande forslag til vedtak:

SAIH-tiarane blir verande på 20 kr

Allan Levi Melby fremja fylgjande forslag til vedtak:

SAIH-tiarane blir auka til 40 kr, forutsett at det kjem meir info ut til studentane om SAIH

Votering: Forslaga vart sette opp imot kvarandre.

Bernt Inge Berge sitt forslag fekk 5 stemmer og fall

Allan Levi Melby sitt forslag fekk 6 stemmer og vart vedteke.

Vedtak:

SAIH-tiarane blir auka til 40 kr, forutsett at det kjem meir info ut til studentane om SAIH

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 33 – 17/18 Grunngeving av eksamen

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Allan Levi Melby

Allan la fram sak om at det blir gitt svært ulike svar når ein student bed om grunngeving på ein eksamenskarakter. Nokre studentar får gode, grundige og individuelle grunngevingar som ein kan lære mykje av, medan andre får berre nokre generelle, standardiserte setningar om som ikkje gir særleg læring for studentane.

Saka var lagt fram utan forslag til vedtak.

Studenttinget drøfta saka. Av konkrete tilbakemeldingar på teksten vart det spelt inn å endre ordet «standardiserte» til «individuelle» begrunnelser. Fleire i Studenttinget ytra at dette er ei viktig sak å rydde opp i, og at STiV bør arbeide vidare med saka.

Tormod Smedsvig fremja fylgjande forslag til vedtak:

AU tek imot innspela som har kome fram i saka, og vil ta det opp i eit diskusjonsforum som AU finn relevant.

Marion Gustavsen fremja fylgjande forslag til vedtak:

AU tar saken med seg til eget møte hvor de skriver en resolusjon som studenttinget kan ta stilling til på neste møte.

Votering: Tormod Smedsvig trakk sitt forslag.

Marion Gustavsen sitt forslag vart einstemmig vedtatt.

Vedtak:

AU tar saken med seg til eget møte hvor de skriver en resolusjon som studenttinget kan ta stilling til på neste møte.

Simen Langeland fekk permisjon.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 34 – 17/18 Årsmelding for 2017

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsaming: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem la fram årsmeldinga for 2017 og det vart opna for spørsmål og kommentarar.

AU sitt forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner årsmeldinga for 2017.

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner årsmeldinga for 2017.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 35 – 17/18 Godkjenning av rekneskapet for STiV 2017

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem la fram rekneskapet for 2017 og det vart opna for spørsmål og kommentarar.

Innspel frå Studenttinget:

- Julekalender var planlagt, men ikkje gjennomført
- Refleks er nyttig, kan distribuerast på Rokken.

AU sitt forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner rekneskapet til STiV for 2017.

Votering: einstemmig vedteke

Vedtak:

Studenttinget godkjenner rekneskapet til STiV for 2017.

Bernt Inge Berge fekk permisjon. Vara Tormod Malvin Sæter overtok plassen hans.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 36 – 17/18 Budsjett 2018

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem la fram AU sitt forslag til budsjett, basert på erfaringar frå tidlegare år.

AU sitt forslag til vedtak:

Forventa inntekter	2018
Støtte HVO	kr 125 000
Støtte Sivolda	kr 100 000
Standleige	kr -
Sum	kr 225 000

Forventa utgifter	2018
Drift av STiV	Forslag til budsjett
Seminar, kurs og arrangement	kr 35 000
Møtegjennomføring	kr 25 000
Informasjon/profilering	kr 30 000
Sosialt	kr 25 000
Drift/kontor	kr 5 000
Anna	kr 5 000
Sum	kr 125 000
Støtte/velferdsmidlar	Forslag til budsjett
Studentorganisasjonar	kr 90 000
Pris for internasjonalisering	kr 5 000
Fadderveka	kr 5 000
Sum	kr 100 000
Samla sum	kr 225 000

Studenttinget drøfta forslaget og kom med innspel:

- Bør ein overføre noko frå sosialt til informasjon/profilering? Viktig at studentane veit kven vi er og kva vi gjer.
- Kan det vere aktuelt at studenttingsmedlemer får honorar? Viktig jobb å sitje her, og ein har honorar i råd og utval, og på Rokken får ein 800 kr i halvåret. Men kan stride litt imot det å engasjere seg frivillig for studentane i Volda. Bør vi ikkje heller bruke pengane på andre ting, studentvelferd for alle studentar?
- Pris for internasjonalisering – endre namn til inkluderingsprisen?

Ingen fremja endringsforslag. AU si innstilling til budsjett 2018 vart ståande.

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak: AU si innstilling til budsjett 2018 vert vedteke.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 37 – 17/18 Revidering av vedtektene til STiV

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

Guro Kvist la fram AU sitt arbeid med vedtektene og framlagt innstilling til nye vedtekter. Det må vere minst 2/3 fleirtal for å vedta vedtektsendringar.

AU la fram forslag til vedtak i 3 punkt.

AU sitt forslag til vedtak, punkt 1 og 2:

1.) Studenttinget vedtek å opne vedtektene for Studenttinget i Volda for endringar.

Votering: Einstemmig vedtatt.

2.) Studenttinget vedtek å erstatte gjeldande vedtektsdokument med AU si innstilling til nytt vedtektsdokument og eit separat valreglement, og leggje dei nye dokumenta til grunn for diskusjon og debatt om endringar i vedtektene.

Votering: Einstemmig vedtatt.

Studenttinget drøfta og voterte over 3 dissensar lagt fram av AU.

Dissens 1	
Forslagsstiller	Eit mindretal i AU
Linjenummer	86-87
Opprinneleg tekst	Kvart år skal det i budsjettet setjast av 5 000 kr frå velferdsmidlar til Pris for internasjonalisering.
Endring/tillegg/stryking	Stryking
Ny tekst	-
Grunngjeving	Dette er noko kvart studentting bør ta stilling til ved handsaming av budsjett. Det bør difor ikkje stå spesifisert i vedtektene.
Vedtak	Vedtatt med 9 mot 2 stemmer

Marion Gustavsen fremja eit tilleggsforslag:

Linje 86-87: Kvart år skal det i budsjettet setjast av 5 000 kr frå velferdsmidlar til Pris for inkludering.

Votering: forslaget fekk 2 stemmer og fall.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Dissens 2	
Forslagsstiller	Eit mindretal i AU
Linjenummer	193-194
Opprinneleg tekst	Studenttinget kan velje å sjå vekk i frå vedtektene i enkeltsaker dersom det vert vedteke einstemmig.
Endring/tillegg/stryking	Stryking
Ny tekst	-
Grunngjeving	Setninga gjev for stort rom til å bryte vedtektene.
Vedtak	Vedtatt med 8 mot 3 stemmer

Sigmund Bratlie fekk permisjon. Studenttinget er no 10 røysteføre.

Dissens 3	
Forslagsstiller	Eit mindretal i AU
Linjenummer	271-279
Opprinneleg tekst	§ 8 Kontrollkomité Kontrollkomitéen skal syte for at STiV si verksemd fylgjer gjeldande styringsdokument. Komitéen skal bestå av to medlemar som ikkje har andre verv som er ein del av STiV, eller der STiV er valkrins. Kontrollkomitéen skal delta på møter i Studenttinget, føre kontroll med at STiV sine organ fylgjer gjeldande styringsdokument og fatta vedtak. Sjå til at STiV sine ressursar vert disponert i samsvar med budsjetta. Føre kontroll med gjennomføring av val der Studenttinget er valkrins. Delta på møter i arbeidsutvalet minst ein gong i månaden.
Endring/tillegg/stryking	Stryking
Ny tekst	-
Grunngjeving	Kontrollkomitéen sine oppgåver kan ivaretakast av Studenttinget og AU i fellesskap, i tillegg til organisasjonskonsulenten, som har ei uavhengig og nøytral rolle.
Vedtak	Dissensen fekk 6 stemmer og vart avvist.

Allan Levi Melby la fram fylgjande tilleggsforslag:

Linje 273: Komitéen skal bestå av inntil to personar i kontrollkomitéen.

Votering: Forslaget fekk 7 og vart vedtatt.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Studenttinget drøfta og voterte over 11 innkomne endringsforslag til vedtekene.

Innkomne forslag til vedtektsendringar

Endringsforslag 1	
Forslagsstiller	Marion Gustavsen
Linjenummer	37
Opprinneleg tekst	I tillegg har STiV nedsett ein eigen kontrollkomité
Endring/tillegg/stryking	Stryking
Ny tekst	-
Evt. grunngjeving	Konsekvens dersom STiV vedtek dissens 3, linjenr 281
Vedtak	Trekk som fylgje av at dissens 3 vart avvist

Endringsforslag 2	
Forslagsstiller	Guro Kvist
Linjenummer	65
Opprinneleg tekst	-
Endring/tillegg/stryking	Tillegg
Ny tekst	§ x-x Forretningsorden Forretningsorden for Studenttinget i Volda fastset reglar og retningsliner for ordskiftet i studenttingsmøta.
Evt. grunngjeving	Ein glipp at punkt om forretningsorden ikkje har blitt med, sidan det er eitt av STiV sine styringsdokument.
Vedtak	Vedtatt, einstemmig

Endringsforslag 3	
Forslagsstiller	Marion Gustavsen
Linjenummer	74-75
Opprinneleg tekst	Det er mogleg for medlemmer av arbeidsutvalet å ta ut dissens.
Endring/tillegg/stryking	Endring
Ny tekst	Alle medlemmer av Studenttinget har moglegheit til å ta ut dissens.
Evt. grunngjeving	Dette bør vere ein rett alle representantar sit med. Det handlar om å ha moglegheit til å vise sitt standpunkt hvis eit vedtak du er sterkt usamd i ser ut til å gå igjennom.
Vedtak	Trekk

Marion Gustavsen la fram fylgjande alternative forslag:

Alle medlemmer i arbeidsgrupper har moglegheit til å ta ut dissens.

Votering: forslaget fekk 3 mot 7 stemmer og fall.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Endringsforslag 4	
Forslagsstiller	Marion Gustavsen
Linjenummer	155
Opprinneleg tekst	- kontrollkomité, jf. § 8
Endring/tillegg/stryking	Stryking
Ny tekst	-
Evt. grunngjeving	Konsekvens dersom STiV vedtek dissens 3, linjenr 281
Vedtak	Trekt som fylgje av at dissens 3 vart avvist.

Endringsforslag 5	
Forslagsstiller	Guro Kvist
Linjenummer	212
Opprinneleg tekst	§ 6.1 Samansetjing og formål
Endring/tillegg/stryking	Endring – redaksjonell
Ny tekst	§ 6.1 Samansetjing og føremål
Evt. grunngjeving	Språkleg retting
Vedtak	Vedtatt, einstemmig

Endringsforslag 6	
Forslagsstiller	Marion Gustavsen
Linjenummer	217
Opprinneleg tekst	-
Endring/tillegg/stryking	Tillegg
Ny tekst	Leiar av Studenttinget er tilsett ved Høgskulen i 50 % stilling.
Evt. grunngjeving	
Vedtak	Trekt

Endringsforslag 7	
Forslagsstiller	Marion Gustavsen
Linjenummer	270
Opprinneleg tekst	-
Endring/tillegg/stryking	Tillegg
Ny tekst	Organisasjonskonsulenten har eit særskilt ansvar for at STiV fylgjer sine eigne styringsdokument.
Evt. grunngjeving	Særleg viktig dersom dissensen om å fjerne kontrollkomitéen går igjennom.
Vedtak	Trekt som fylgje av at dissens 3 vart avvist.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Endringsforslag 8	
Forslagsstiller	Guro Kvist
Linjenummer	-
Opprinneleg tekst	§ 1.1 osv
Endring/tillegg/stryking	Endring – redaksjonell
Ny tekst	§ 1-1 osv.
Evt. grunngjeving	Paragrafnummerering bør fylgje standard med bindestrek, ikkje punktum.
Vedtak	Vedtatt, einstemmig

Endringsforslag 9	
Forslagsstiller	Marion Gustavsén
Linjenummer	44-45
Opprinneleg tekst	-
Endring/tillegg/stryking	Tillegg
Ny tekst	Forslag til endring av vedtekter skal varslast til representantane to veker før møtet.
Evt. grunngjeving	
Vedtak	Vedtatt, einstemmig

Endringsforslag 10	
Forslagsstiller	Tormod Malvin Sæther
Linjenummer	220
Opprinneleg tekst	-
Endring/tillegg/stryking	Tillegg
Ny tekst	Leiar i arbeidsutvalet kan ikkje inneha verv i Studentsamskipnadsstyret samstundes som ho/han sit som leiar i STiV.
Evt. grunngjeving	
Vedtak	Vedtatt med 7 mot 3 stemmer

AU sitt forslag til vedtak, punkt 3:

- 3.) Studenttinget godkjenner vedtektene i sin heilskap, og vedtek å lukke vedtektene for Studenttinget i Volda med dei endringane som no er gjort. Arbeidsutvalet får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i oppdateringa av vedtektsdokumentet.

Votering: Einstemmig vedtatt

Vedtektene vart lukka.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Vedtak:

- 1.) Studenttinget vedtek å opne vedtektene for Studenttinget i Volda for endringar.
- 2.) Studenttinget vedtek å erstatte gjeldande vedtektsdokument med AU si innstilling til nytt vedtektsdokument og eit separat valreglement, og leggje dei nye dokumenta til grunn for diskusjon og debatt om endringar i vedtektene.
- 3.) Studenttinget godkjenner vedtektene i sin heilskap, og vedtek å lukke vedtektene for Studenttinget i Volda med dei endringane som no er gjort. Arbeidsutvalet får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i oppdateringa av vedtektsdokumentet.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 38 – 17/18 Revidering av valreglementet til STiV

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

Guro Kvist la fram AU sitt arbeid med valreglementet og framlagt innstilling til nytt reglement. Det må vere minst 2/3 fleirtal for å vedta endringar i STiV sine styringsdokument.

Au la fram forslag til vedtak i 2 punkt.

AU sitt forslag til vedtak, punkt 1:

- 1.) Studenttinget erstattar gjeldande Del 3 i vedtektene (valreglement) med eit eige dokument kalla Valreglement for Studenttinget i Volda.

Votering: einstemmig vedtatt.

Ingen innkomne endringsforslag.

AU sitt forslag til vedtak, punkt 2:

- 2.) Studenttinget godkjenner Valreglementet for Studenttinget i Volda i sin heilskap, og vedtek å lukke valreglementet med dei endringane som no er gjort. Arbeidsutvalet får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i oppdateringa av valreglementet.

Votering: einstemmig vedtatt.

Valreglementet vart lukka.

Vedtak:

- 1.) Studenttinget erstattar gjeldande Del 3 i vedtektene (valreglement) med eit eige dokument kalla Valreglement for Studenttinget i Volda.
- 2.) Studenttinget godkjenner Valreglementet for Studenttinget i Volda i sin heilskap, og vedtek å lukke valreglementet med dei endringane som no er gjort. Arbeidsutvalet får mynde til å gjere redaksjonelle endringar i oppdateringa av valreglementet.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 4/17-18

Møtedato 31.01.18



Sak 39 – 17/18 Eventuelt: #Metoo

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem informerte om at NSO har oppretta ei kursgruppe om korleis reagere på henvendelsar knytt til seksuell trakassering, og lurte på om dette var noko Studenttinget kunne vere interesserte i.

Tilbakemeldingane frå Studenttinget var positive, det er interesse for kurs. AU tek det vidare.

Det vil også bli arrangert eit felles møte for studetane i Volda om varsling og #Metoo ila februar.

Møteslutt kl 20.10

Marit Aklestad, referent